


Notat

Strandingsepisode fisk

Fredag 26. august 2022 oppstod ein strandingsepisode av fisk nedstraums Byglandsfjord dam grunna rask senking av vasstraum. Frå kl. 16:00 til kl. 17:00 gjekk vassføringa frå 52 m³ til 21 m³ (Figur 1).



Figur 1. Vassføring ut av Byglandsfjorden i perioden 14. august til 29. august.



Figur 2. Bildet syner vassføringa kl. 17: 36 og 17:46 (ca. 30 m³) ut av Byglandsfjord dam.

I etterkant av reduksjon i vassføringa blei det observert stranda aure, 3 stk., 1 km nedstraums dam (Figur 2). Stranda fisk var to yngre aurar og ein voksen. Aurane blei observert i tidsrommet 17:51-17:53.



Figur 3. Bilde av stranda aurar.

Det var kunn i eit begrensa område like ved Syrtveit Fiskeanlegg som blei sjekka for stranding. Det er å anta at det kan ha gått ut ein del individ av aure og bleke i denne enkelte strandingsepisoden. Fleire skarvar ble observert i den øvre delen av elva på den lave vassføringa. Alle individ var i aktivt næringssøk på grunnene etter fisk (Figur 3)



Figur 3. Fleire skarvar, 6 stk., fanga aktivt fisk på grunner like nedstraums dammen ved ca. 20 m3.

Slike episodar med rask vassreduksjon er uheldig for fiskebestandane av bleke og aure i Syrtveitsfossen.

Nils Børge Kile

Fiske- og Vassdragsforvalter

Bygland kommune